

## Forslag til økonomisk godtgjersle for politiske verv i Austrheim kommune

### Arbeidsgodtgjering til ordførar og varaordførar

Ordførar si godtgjersle er fastsett til 100% og varaordførar til 12% av ein stortingsrepresentant si godtgjersle. Ordførar er frikjøpt 100%, mens varaordføraren ikkje er frikjøpt. Godtgjersla vert juster årleg i samband med stortingsrepresentantane si godtgjersle, gjeldande frå 1. mai. Ordførar har rett på fem vekers ferie utan trekk i den faste godtgjersla. Ordførar har krav på ettergodtgjersle ved utløp av valperioden i inntil tre månader dersom ordføraren ikkje går inn i ny stilling eller går ut i 100% pensjon. Viss det skjer så har ordførar rett på ettergodtgjersle for ein og ein halv månad som kompensasjon for manglande opptente feriepengar.

Godtgjersla til varaordførar dekker og perioden ordførar har ferie. Ved annan samanhengande teneste, er godtgjeringa lik ordføraren si godtgjering.

Dei som har tillitsverv i Austrheim kommune, har krav på godtgjering for sitt arbeid etter følgjande satsar:

Verv	Godtgjering
Ordførar	100% av stortingsrepresentant si godtgjersle
Varaordførar	12% av ordførar si godtgjersle
Medlem av formannskap	Fast 5% av ordførar si godtgjersle per år
Medlem av kommunestyre og utval	0,16% per møte
Varamedlem kommunestyre, formannskap og utval	0,16% per møte
Leiar utval for levekår	12% av ordførar si godtgjersle
Gruppeleiar	0,58% + 0,27% per partimedlem i kommunestyret per år
Leiar kontrollutval	Fast 5,8% per år
Leiar andre nemnder og råd	0,24% per møte
Medlem av valstyret	0,12% per møte
Leiar ungdomsråd	0,04% per møte
Medlem/varamedlem ungdomsråd	0,03% per møte
Annan representasjon	0,11% per møte